



Voss kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

---

Hardangerbrua AS  
v/Einar Lutro  
5781 LOFTHUS

Vår sakshandsamar: Roald Breistein

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2014/379  
Vår dato: 15.02.2016

### **Partsbrev - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging**

Vedlagt følger partsbrev for sak PS 7/16 Selskapskontroll av Hardangerbrua AS – Oppfølging etter møte i kontrollutvalet i Voss kommune 8.2.16.

Vi gjer merksam på at det i vedtaket er sett frist for ny tilbakemelding til 30.6.16.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Rådmann  
Utvalseiar

Arkivsak: 216  
 Arkivnr: 2014/379-26  
 Sakshandsamar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Voss kommune	7/16	08.02.2016

## Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet mottok våren 2014 invitasjon frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om å delta i felles selskapskontroll av Hardangerbrua AS. Voss kommune samt Eidfjord kommune, Ulvik herad, Ullensvang herad og Kvam herad takka ja til å delta i denne felles selskapskontrollen.**

**Revisjonsrapport vart handsama i kommunestyret i Voss kommune 19.03.15 i sak 15/15 der det vart gjort slikt vedtak:**

*«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber kommunestyret om at:*

#### **Hardangerbrua AS syter for å:**

1. *Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:*
  - *Utarbeide styreinstruks*
  - *Gjennomføre eigenevaluering for styret*
  - *Tilbod om opplæring for styrerepresentantar*
  - *Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver*
  - *Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid*
  - *Slutte seg til KS sitt styrevervregister*
2. *Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.*
3. *Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.*
4. *Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*
5. *Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

### Drøfting:

**Kontrollutvalet handsama referatsak RS 44/15 Handlingsplan Hardangerbrua i møte 21.8.15 og det vart gjort slikt vedtak:**

*«Kontrollutvalet ser positivt på at Hardangerbrua AS har sett i verk nokre av tiltaka som går*

*fram av vedtaket i kommunestyret i Voss kommune. På bakgrunn av at det er planlagt at fleire av tiltaka, punkt 1 og 4, skal setjast i verk i samband med hhv. valet hausten 2015 og for rekneskapsåret 2016, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.»*

**Svar frå Hardangerbrua AS dagsett 14.1.16 ligg ved. Av svaret har sekretariatet registrert følgjande:**

I høve punkt 1 i vedtaket er styreinstruks utarbeidd og vedteke av styret. Dei andre kulepunktka i punkt 1 er planlagt gjennomført i februar 2016 / etter årsmøtet 2016. Når det gjeld punkt 4 går det fram av svaret at denne kan kanskje forbeistrast noko.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram av svaret tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber om nytt utfyllande svar på resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 etter at årsmøtet er halde, t.d. med frist til 30.6.16.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet i Voss kommune - 08.02.2016**

**Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 01.14. Oppfølging selskapskontroll
- 2 15.10.07. Styreinstruks for Hardangerbrua As